

VEDLEGG



**DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

*Statsråden*

Stortingets transport- og kommunikasjonskomité  
Stortinget  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

19/2565-

4. desember 2019

**Representantforslag 14 S (2019-2020) frå stortingsrepresentantane  
Torgeir Knag Fylkesnes og Per-Willy Amundsen om å setje i gang  
arbeidet med å realisere Nord-Norgebana**

Eg viser til representantforslag 14 S (2019-2020) frå stortingsrepresentantane Torgeir Knag Fylkesnes og Per-Willy Amundsen om å setje i gang arbeidet med å realisere Nord-Norgebana.

Representantane fremjar følgande forslag:

*Stortinget ber regjeringa igangsette arbeidet med å realisere Nord-Norgebanen.*

Under følgjer mi vurdering av forslaget til Transport- og kommunikasjonskomiteen:

I tråd med regjeringspartia sin bompengavtale frå august 2019 er det satt av midlar i statsbudsjettet for 2020 til ei heilskapleg konseptvalutgreiing om transportløyningar for Nord-Norge, medrekna Nord-Norgebana. Denne utgreiinga vil gi vesentleg betre avgjerdsgrunnlag enn vi har i dag kring transportløyningar i nord. Regjeringa arbeider no med å fastsetje eit mandat for utgreiinga, før oppdraget vert gitt vidare til transportetatane. Difor er det for tidleg å seie noko om det vidare arbeidet med Nord-Norgebana på noverande tidspunkt. Regjeringa vil ha høgt tempo i dette arbeidet for å sette alle beslutningstakarar herunder Stortinget i stand til å foreta gode vurderingar om kva løyningar som er best. Mitt råd vil difor være å avvente denne utgreiinga som no vert sett i gong.

Med helsing

  
Jon Georg Dale